



Radøy kommune
Radøyvegen 1690

5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2501 - 18/33689

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
08.11.2018

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for felles barnevernteneste i Lindås, Meland og Radøy

Vedlagt følger saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Kopi til:

Kristin Moe
Meland kommune

Postboks 79 5906

Frekhaug

Mottakarar:

Radøy kommune

Radøyvegen 1690 5936

MANGER

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
074/18	Kommunestyret	PS	01.11.2018
046/18	Levekårsutvalet	PS	16.10.2018
096/18	Formannskapet	PS	18.10.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Kristin Moe	18/2501

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for felles barnevernteneste i Lindås, Meland og Radøy

Vedlegg :

Interkommunal samarbeidsavtale. Felles barnevern Radøy Meland og Lindås

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret vedtek felles barnevernteneste for Radøy, Meland og Lindås frå 01.01.2019. Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for felles barnevern i Radøy, Meland og Lindås blir godkjend. Radøy kommune er vertskommune.

Kommunestyret delegerer mynde ettr barnevernlova til barnevernleiar i Radøy kommune frå og med 01.01.19.

Levekårsutvalet - 046/18

LE - behandling:

Orientering til saka v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Ingen merknader.

Formannskapet - 096/18

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Kommunestyret vedtek felles barnevernteneste for Radøy, Meland og Lindås frå 01.01.2019. Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for felles barnevern i Radøy, Meland og Lindås blir godkjend. Radøy kommune er vertskommune.

Kommunestyret delegerer mynde etter barnevernlova til barnevernleiar i Radøy kommune frå og med 01.01.19.

Kommunestyret - 074/18

KO - behandling:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Kommunestyret vedtek felles barnevernteneste for Radøy, Meland og Lindås frå 01.01.2019. Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for felles barnevern i Radøy, Meland og Lindås blir godkjend. Radøy kommune er vertskommune.

Kommunestyret delegerer mynde etter barnevernlova til barnevernleiar i Radøy kommune frå og med 01.01.19.

Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Lindås kommune har fått prosjektmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland til å greie ut felles barnevernkontor med kommunane Radøy og Meland.

I samband med planlegging om bruk av midlane vart utgreiing av felles barnevernkontor sett i samband med kommunesamanslåinga og er ein del av program for bygginga av Alver kommune. Arbeidet er prosjektorganisert og prosjektleiar er tilsett som barnevernleiar for felles barnevern og seinare barneverntenesta i Alver kommune. Under føresetnad av endeleg vedtak i dei tre kommunestyra blir samarbeidet organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova §28-1 b, med Radøy kommune som vertskommune.

Det er planlagt at dagens tre barneverntenester blir samlokalisert frå 01.12.2018 i «Det blå bygget» i Knarvik. Oppstart av vertskommunesamarbeidet blir 01.01.2019, og frå 01.01.2020 blir dette barneverntenesta i Alver kommune.

Vurdering

Det har vore gjort eit omfattande arbeid i prosjektperioden fram mot felles barnevern, med mange prosessar både på fag-, personal- og økonomiområdet. Den nye felles barnevernsorganisasjonen er no rigga og ganske klar for å bli sett i drift. Samarbeidsavtalen som ligg føre regulerer forholda mellom samarbeidskommunane i det året der Radøy er vertskommune. Felles barnevern vil styrka barnevernsarbeidet i dei tre kommunane. Det blir vurdert som hensiktsmessig at barneverntenesta blir slått saman før 01.01.2020 og med dette er rigga og klar til å gå samla inn som barnevernteneste i Alver kommune frå 01.01.2020.

Økonomi:

Budsjett og avrekning av kostnader er prega av at kommunane blir Alver kommune frå 2020. Budsjett for 2019 tar utgangspunkt i kvar kommune sitt driftsbudsjett i inneverande år, korrigert for venta pris- og lønsvest, sjå samarbeidsavtalen punkt 8.

Konklusjon

Dei tre kommunane må gjere likelydande vedtak om vertskommuneavtalen, der Radøy blir

vertskommune for barneverntenesta i kommunane Meland og Lindås. Avtalen gjeld fram til 01.01.2020, då felles barnevernteneste i Alver kommune er etablert.